



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Samferdselsdepartementet

## Høyring - Ny konkurranse om regionale ruteflyginger i Sør-Norge frå 01.04.2020

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har i møtet 3. mai 2018 vedteke følgjande fråsegn:

Eit godt flytilbod ved Sogndal lufthamn Haukåsen er svært viktig for den regionale utviklinga i Sogn og for alle kommunane i Sogn regionråd. Indre Sogn er vertskap for ei rekkje offentlege og private verksemder som har behov for eit godt flytilbod, til dømes Statens vegvesen hovudkontor Region Vest, Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), NAV Økonomitjenester, Statkraft, Vestlandsforskning, Hydro, Norsun, Lerum og Veidekke. Alle desse stiller store krav til regularitet og kapasitet.

Dagens tilbod er ikkje godt nok for å skapa vekst og utvikling i regionen. Låg regularitet og få direkteruter gir ikkje eit fleksibelt og godt nok tilbod for offentlege verksemder, for næringsliv med nasjonale og internasjonale marknader, for turismen som vekstnæring i Sogn og for innbyggjarar. Strukturendringane og dei parallelle fusjonsprosessane i regionen vår aukar behovet for eit betre flytilbod.

Sogn regionråd meiner dette må til for å dekke desse behova:

### Nattstasjonerte fly

Kommunane i Sogn har over fleire år prioritert arbeidet med å utvikla Sogndal lufthamn, noko som har gitt betre regularitet. Nattstasjonert fly vil sikra regulariteten ytterlegare, og vil gje mykje betre flytilbod for næringsliv og offentlege verksemder i regionen.

Utan nattstasjonerte fly, må det lande fly på Haukåsen før morgonflyet kan ta av. Det skapar ofte forseinkingar og kanselleringar, særleg om vinteren. Med nattstasjonert fly på Haukåsen vil vi få sikre avgangar på morgonen og reisande kan stole på at morgonflyet går. Dei treng ikkje finna andre reisemåtar eller ta kveldsflyet dagen før. I tillegg vil vi få fleire plassar til rådvelde frå Sogndal, utan halvfulle fly frå Sandane. I dag er morgonflyet frå Sogndal ofte fullt, og mange må reise på andre tider eller på andre måtar. Stabile avgangar på morgonen vil gje auka etterspurnad. Dette vil også kunne gi høgare kabinfaktor på returfly til Sogndal.

### Fleire direkteruter

Folk vil ha direkteruter. Mellomlandingar tar unødvendig mykje tid og folk vel andre reisemåtar. Det ser vi tydeleg etter at direkteruta mot Oslo klokka 13.30 vart fjerna. Dette har vore den best nytta flyginga frå Haukåsen. I desember 2017 begynte denne ruta å gå om Florø, og auka flytida frå 50 minuttar til 1 time og 55 minuttar. Dette har nesten halvert trafikken på denne avgangen.

Det same ser vi i helgane. Å fly til Oslo laurdag via Ørsta/Volda tek 1 time og 50 minuttar, og blir ikkje eit reelt alternativ. Det går ingen fly mot Bergen på laurdagar.

**Returruter som gir ein «normal» arbeidsdag**

Med ein høgskule, fylkeskommune og Fylkesmannsembete i samanslåing vil behovet for betre flysamband mot Bergen auka i åra som kjem. Mot Oslo vil behovet alltid vere der, då mange hovudkontor og fagmiljø er lokalisert i hovudstaden, samtidig som mange reisande må via Gardermoen for reise til inn- og utland.

Returflytilbodet til Sogndal i dag gjer det vanskeleg å korrespondere med andre fly, både innland og utland. Første fly heim frå Oslo eller Bergen etter normal arbeidstid går klokka 20.00. Køyrrer ein frå Bergen klokka 16.00, er ein heime før flyet landar. Dette vert òg nemnd i rapporten frå Møreforsk (s.30) at «... turen tilbake til Sogndal er mer problematisk enn utreisen...». Utan eit godt returtilbod frå storbyane, blir det mindre attraktivt å reise ut med tidlegare fly.

Regionreforma og høgskulefusjonen gjer at Leikanger/Sogndal vert ein viktig administrasjonsstad for den nye regionen. Dette fører til auka behov for betre rutetilbod og betre korrespondanse på avgangar mellom Sogndal og Bergen.

Flyplasstilbodet er svært viktig for å sikra vekst og utvikling i Sogn. Sogn regionråd meiner følgjande må leggjast til grunn ved utforming av anbodsgrunnlaget:

1. Vilkår om nattstasjonert fly ved Sogndal lufthamn Haukåsen i komande konsesjonsrunde.
2. Fleire direkteruter til og frå Sogndal.
3. Returrutene bør gje reisande betre moglegheit for å ta dagsturar til Oslo og Bergen.

Med helsing

Jan Geir Solheim  
leiar Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*